Steward Margunn Rygg frå Førde om Volda rideklubb:

– Ekstra godt samhald og stor dugnadsånd

– Eg reiser mykje rundt på stemner som steward rundt om i landet, men det er noko spesielt med klubben i Volda. Dei er så imøtekomande.

På ridebana til Volda rideklubb var det full aktivitet laurdag og søndag. Det vart arrangert både klubb- og distriktsstemne i dressur.

18 ekvipasjar var påmelde og det vart konkurrert i tolv klasser. Frå Volda deltok åtte ryttarar og ni hestar. Liv Jorunn Nyhagen deltok med begge hestane sine, Thoke og Pokemann.

Dei andre deltakarane kom frå mellom anna Eid, Sykkylven og Stranda. Ida Kristine Standal frå arrangørklubben hadde hovudansvar for stemnet.

* *Steward Margunn Rygg i samtale med deltakar på dressurstemnet i Volda rideklubb, Liv Jorunn Nyhagen. På bildet ser vi også hestane Pokemann og Thoke.*

* *Åse Helen Stadheim og Rosas Kiara er gjestemedlem i Volda rideklubb. Dei bur på Hellesylt og er medlem i rideklubben på Stranda. I klassa for Lett C tok dei andreplassen på distriktsstemnet søndag.*

Hyggelege folk

Elles var der speaker, folk i kiosken og ein såkalla steward som hadde ansvar for å passe på at både hestar, ryttarar og publikum hadde det bra. Dommar var Kamilla Solheim frå Bergen. Det var Margunn Rygg frå Førde som var steward. Ho reiser rundt i heile landet, men likar seg ekstra godt hos klubben i Volda.

- Eg likar meg så godt i Volda. Samhaldet og dugnadsånda er spesielt god. Og menneska er så imøtekomande. I går etter konkurransane, åt vi pizza saman, fortel ho.

Rygg er ofte på stemne rundt om i landet. Enkelte stader er foreldra til ryttarane ekstra kravstore. Dei vil gjerne at der skal vere fleire stemne, men vil ikkje møte på dugnad.

Dommar var Kamilla Solheim frå Bergen. Også ho likte seg veldig godt i Volda.

- Her er hyggelege folk. Eg kjem gjerne tilbake, smiler ho.

Gjestemedlem Åse Helen

Då Møre kom innom søndag var det klassa for Lett C3 som var i aksjon. Ei av dei som var med her var Åse Helen Stadheim frå Hellesylt. Ho reid hesten Rosas Kiara. Åse Helen er gjestemedlem i Volda-klubben, og brukar å delta på stemne og øve på klubben si ridebane. Ho er også medlem i klubben på Stranda.

– Korleis har de gått i helga?

– I klubbklassa gjekk det ikkje så bra. Eg kom på 5.-plass av seks startande. Men i distriktsklassa tok vi oss saman og kom på 2.-plass med 62,800 prosentpoeng. Eg er plaga med konkurransenervar og det merkar hesten. Men i dag berre hoppa eg i det, vedgår Åse Helen. Ho var veldig glad og letta for det gode resultatet.

Gode plasseringar

14 år gamle Anna Marie Wangen Mork deltok med den 15 år gamle hesten Løkki som ho har på heilfor. Dei gjorde det veldig godt på stemnet. Både på klubbstemnet og distriktsstemnet kom dei på 1.-plass i klassa Lett C.

- Eg blir letta når det går bra, og irritert når det ikkje gjer det, seier Anna Marie.

Karin Hurlen Vatnehol er ein av dei unge innflyttarane som er medlem i Volda rideklubb. Ho er frå Vatne i Haram, men bur no i Volda. Ho rir hesten Linndi Nordgard som Ida Kristine Standal eig.

- Eg har ho på for. Det vil seie eg betalar foret hennar og tek meg av det daglege stellet, fortel ho.

Karin rir fem gongar i veka. I klassa for Lett C3 på klubbstemnet kom Karin og hesten på 2.-plass med 60,8 prosentpoeng. Laurdag kom ho på 3.-plass i distriktsklassa på same nivå.

Konkurrerte mot seg sjølv

Systera til Anna Marie, Randi Maud Mork, var også i aksjon på stemnet. Ho og hesten Bakken Odin fekk 1.-plass i Lett B3 under distriktsstemnet søndag med 66,597 prosentpoeng og tredjeplass i Lett A laurdag med 55,556 prosentpoeng.

- Ein kjenner det på energinivået på hesten og samspelet om det går bra eller ikkje, forklarer Randi Maud.

Liv Jorunn Nyhagen deltok på to hestar. På søndag var det fjordingen Pokemann som gjekk sigrande ut då han konkurrerte med den andre hesten til Liv Jorunn som er ein oldenburger med namnet Thoke. Pokemann fekk 59,4 prosentpoeng i Middels B1 under distriktsstemnet søndag. Laurdag deltok ho med hestane sine både i klassa Middels C1 og Middels B2.

- Det er stressande å delta så mykje, fortel Liv Jorunn.

Ho fekk hjelp av sambuaren sin til å varme opp hestane før tevlinga og roe dei ned etterpå.

Andre ryttarar frå Volda rideklubb var Benedicte Inderhaug Aambø med hesten Dark Sunshine, Anne Marit Brautaset med Kvitmøy og Embla Synnes Melbø med Thor fra Åsvin. Brautaset deltok for første gong.

✍ INGVILD RUNDE

* *Anna Marie Wangen Mork med Løkki og Karin Hurlen Vatnehol med hesten Linndi Nordgard.*

* *Randi Mork med hesten Bakkens Odin frå Volda rideklubb. Dei fekk 1.-plass i klassa lett B søndag i Distriktsstemnet i dressur på ridebana i Volda.*

* *Randi Mork og hesten Bakkens Odin fekk 1.-plass i Lett B søndag.*